



Blir det stopp for Hardangerekspressen i Uskedalen frå mai?

24. januar skal formannskapet ta stilling til endringar av ruteopplegget for snøggbåtruta mellom Bergen og Rosendal. Rådmannen går mellom anna inn for at det blir lagt inn ein stopp i Uskedalen frå 1. mai i år "for at ruta skal bli eit betre tilbod til langt fleire kvinnheringar", som han uttrykker det

Fylkeskommunen vil ha endra morgonavgangen frå Rosendal frå 6.30 til 6.50 (måndag til fredag) og gjer framlegg om at Os vert kutta ut på morgonavgangen frå Rosendal til Bergen. Rådmannen ser positivt på alle endringar som kan føra til at fleire vil bruka den nye ruta.

Sist sommar bad kommunestyret mellom anna om at det vart lagt inn ein stopp i Herøysundet og at det vart ei direkterute mellom Sunde og Bergen via Flesland.. Men dette vart avvist fordi det ville gje kontraktsmessige konsekvensar både i høve til Tide Sjø AS og L. Rødne & Sønner AS. Difor vart ikkje ruteopplegget endra.

Dersom dei kontraktsmessige konsekvensane skuldast at Herøysund ligg for nær Sunde rår rådmannen til at ruta får ein ny stopp i Uskedalen. Det vil føra til at langt fleire kvinnheringar vil nytta seg av tilbodet, meiner rådmannen, Truleg vil ei slik endring gje ein god del fleire passasjerar enn det ein kan oppnå ved å utsetja morgonavgangen frå Rosendal, held han fram.

Os bør kuttast på morgonavgangane fordi snitt reisande som går på land på Os ligg på ein pr. dag. I tillegg vil seinare morgonavgang frå Rosendal kanskje føre til fleire pasasjerar frå indre Hardanger, meiner fylkeskommunen.

Men ikkje alle er like glade for å kutte Os og Kjell Arthur Lunde frå Os har sendt brev til kommunane med oppmoding om å seie nei til endringa.

Av Ola Matti Mathisen